

## › Lånegjeld, renter og avdrag

	2020	2019	2018	2017	2016
Langsiktig lånegjeld(1.000kr)	1 049 528	1 067 584	1 055 919	1 039 234	1 032 404
Langsiktig lånegjeld, kroner per innbygger *)	123 372	126 251	125 735	125 330	126 349
Lånegjeld i % av brutto driftsutgifter	150,59	160,68	165,73	168,57	174,99

\*) Basert på innbyggertal pr. 31.12.2020: 8 507 innb.

Langsiktig lånegjeld egne lån var kr 984 859 135, formidlingslån var kr 64 669 067 per 31.12.2020.

Ubrakte lånemidler egne lån pr. 31.12.2020 var kr 16 903 325, og Startlån kr 10 088 968. Kalkulert avdrag i 2020 kr 39 084 215. Dette utgjør tilsammen kr 66 076 508.

Langsiktig gjeld ekskl. formidlingslån har i 2020 hatt ein nedgang 21,7 mill. kr. Langsiktig gjeld formidlingslån har i 2020 hatt ein auke med kr 8 641 217. Tabellen viser at kommunen si samla lånegjeld i perioden 2016 – 2020 har auka med 17,1 mill.kr.

Av langsiktig gjeld til investeringar kan ein rekne at 204,5 mill. kr gjeld lån innan vatn, avløp, slam og renovasjon, som restverdi pr. 31.12.2020 og avskrivingsgrunnlag for VAR-området i 2020.

Riksrevisjonen definerer høg lånegjeld til 75% av driftsinntektene, KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100% er ugunstig. Giske kommune har ein gjeldsgrad på 141,31, og er av dei høgste i landet.

### Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Investeringsnivå og opptak av lån må innrettes slik at lånegjelda ikkje er større enn at utgifter til renter og avdrag vert dekt gjennom løpande inntekter. Det er derfor viktig å ha kontroll på utviklinga av gjeldsnivået. Ein auke i lånegjelda indikerer at kommunen må bruke ein større del av inntektene til å dekkje renter og avdrag. Det historisk lave rentenivået dei siste åra har bidrege til at kommunen har unngått at renter og avdrag tek ein større del av inntektene. På lengre sikt med eit normalt rentenivå vil auka lånegjeld få betydning for rammene til tenesteproduksjon.

Tabellen ovom viser netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld ( eksklusiv pensjonsforplikter) fratrukke formidlingslån. Nett lånegjeld har passert grensa i måltalet på maks 100%.

### Netto lånegjeld per inbygger

Netto lånegjeld per inbygger var i 2020 kr 123 375 mot kr 126 251 i 2019. Netto lånegjeld per innbygger har hatt ein nedgang på 2,36 prosent sidan 2016.

Soliditet (gjeldsgrad og eigenkapitalprosent)

Solididet måler evnen til å tåle tap. Gjeldsgrad og egenkapitalprosent gir informasjon om dette. Gjeldsgraden viser forholdet mellom gjeld og egenkapital. Ein gjeldsgrad på 1 vil sei at kommunen har like stor gjeld som egenkapital. Til mindre dette forholdstalet er, til meir solid er kommunen. Gjeldsgraden korrigerert for pensjonsforpliktelsler var i 2020 3,66 mot 4,10 i 2019.

Eigenkapitalprosenten fortel noko om kor stor del av kommunen sine egedeler som er finanseirt eg eigenkapital. Ved utgangen av 2020 var 14,3 prosent av eigendelane finansiert med eigenkapital, mot 13,09 prosent i 2019.

## KOSTRA

	2020	2020	2019	2019	2018	2018
	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 10	1532 Giske	Kostragruppe 10
Langsiktig gjeld ex pensj.forpl i prosent av brutto driftsinntekter	ikkje tilgjengelig	ikkje tilgjengelig	160	103,6		98,1
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	107 360	85 745	111 860	72 121	110 474	66 692
Arbeidskapital ex. Premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	23,2	18,6	23,4	20,8	29,3	26,3

Giske ligg i landstoppen i gjeld. Dette kjem av at det har vore satsa på store investeringar med nytt omsorgssenter og ny barneskule.

Netto lånegjeld i kroner per innbygger er har ein nedgang med kr 4 500 per inbygger, eller 4 % medan kostragruppa har ein auke på kr 13 624 eller 18,8 %.

Dette viser at ei sterk prioritering av investeringane har gitt resultat i dempa gjeldsvekst. Giske kommune ligg fortsatt på eit høgt nivå i høve inntektene og det er fortsatt naudsynt å prioritere for å redusere gjelda ytterlegare.

Endring i arbeidskapital fortel i hovudsak om kommunen sin betalingsevne er bedra eller forverra. Den vert beregna som omløpsmidler med frådrag for kortsiktig gjeld, korrigerert for endring i ubrukte lånemidler. Arbeidskapital er differansen mellom anskaffelse av midlar (inntekter og innbetalinger) og anvendelse (utgifter og utbetalinger) av midlar i regnskapet. Når anskaffelse er større enn anvendelse har arbeidskapitalen økt.

Begrepet arbeidskapital er misvisande då driftsregnskapet vert påverka av premieavvik (forskjellen mellom innbetalt pensjonspremie til livselskapa og beregna pensjonskostnad).

Oversikta syner at giske sin arbeidskapital er omtrent uendra frå 2019 til 2020, og at Giske kommune har betre arbeidskapital en gjennomsnittet i kommunegruppe 1. Dette kjem som følge av ubrukte lånemidlar.